



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	944 664 440
Organisasjonsform:	Samvirkeforetak
Foretaksnavn:	FINNÅS KRAFTLAG SA
Forretningsadresse:	Hollundsdaalen 1 5430 BREMNES

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Torleiv Fylkesnes
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	05.05.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 21.06.2022



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Energisal	1	0	59 960 727
Inntekter overføring	1	0	65 208 518
Breidbandsinntekter	1	0	49 026 774
Andre driftsinntekter	1, 15	16 672 397	4 343 481
<b>Sum inntekter</b>		<b>16 672 397</b>	<b>178 539 500</b>
<b>Kostnader</b>			
Aktivering investeringsarbeid	3	0	-7 312 674
Energikjøp	1	0	54 261 346
Overføringstenester	1	0	25 594 846
Varekjøp breiband		0	23 936 044
Øvreste varekjøp		0	4 989 313
Lønnskostnader	2	6 216 193	27 157 757
Ordinær avskrivning	3	208 594	19 373 884
Annan driftskostnad	2	9 760 925	17 173 045
<b>Sum kostnader</b>		<b>16 185 712</b>	<b>165 173 561</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>486 685</b>	<b>13 365 939</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt frå investering i dotterselskap		10 903 710	0
Anna renteinntekt		321 058	518 443
Anna finansinntekt		24 376 891	26 582 701
Urealisert verdiendring verdipapir		-92 050	293 593
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>35 509 609</b>	<b>27 394 737</b>
Tap på sal verdipapir		178 193	6 616
Annan rentekostnad		835 503	1 714 576
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 013 696</b>	<b>1 721 192</b>
<b>Netto finans</b>		<b>34 495 913</b>	<b>25 673 545</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>34 982 598</b>	<b>39 039 484</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	10	606 023	2 510 812



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>34 376 575</b>	<b>36 528 672</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>34 376 575</b>	<b>36 528 672</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Gåver til almennyttige formål	7	1 960 900	2 274 000
Avsett til annan egenkapital	7	20 415 675	24 254 629
Utdeling av kjøpsutbytte	6	12 000 000	10 000 000
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>34 376 575</b>	<b>36 528 629</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Forsking og utvikling		0	15 000
Utsett skattefordel	10	1 815 486	0
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 815 486</b>	<b>15 000</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Bygningar	3	4 076 246	11 034 321
Distribusjonsnett	3	0	221 129 083
Breibandsnett	3	0	83 737 159
Anlegg under utførelse	3	0	5 803 635
Øvreste driftsmidler	3	550 356	4 313 987
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>4 626 602</b>	<b>326 018 185</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	5	340 449 742	60 000
Investeringar i aksjar og andelar	4	646 411 367	647 972 809
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>986 861 109</b>	<b>648 032 809</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>993 303 197</b>	<b>974 065 994</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Materiallager		0	1 765 231
<b>Sum varer</b>		<b>0</b>	<b>1 765 231</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringar		0	41 136 023
Andre fordringar	2	478 137	8 778 809
Konsernkrav	15	14 651 124	
<b>Sum krav</b>		<b>15 129 261</b>	<b>49 914 832</b>
<b>Investeringar</b>			
Markedsbaserte fondsandelar	14	19 961 146	18 996 056
<b>Sum investeringar</b>		<b>19 961 146</b>	<b>18 996 056</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	11	1 791 798	2 215 882
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 791 798</b>	<b>2 215 882</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>36 882 205</b>	<b>72 892 001</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>1 030 185 402</b>	<b>1 046 957 995</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Medlemskapital	6	1 061 700	1 061 400
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>1 061 700</b>	<b>1 061 400</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Etterbetalingsfond		9 700 000	9 700 000
Annan eigenkapital	7	914 619 950	894 204 275
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>924 319 950</b>	<b>903 904 275</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>925 381 650</b>	<b>904 965 675</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	8	633 930	1 712 053
Utsett skatt	10	0	5 850 057
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>633 930</b>	<b>7 562 110</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>633 930</b>	<b>7 562 110</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	12	64 561 509	80 709 225
Leverandørgjeld		594 085	9 226 971
Betalbar skatt	10	1 100 000	1 001 015
Skuldige offentlege avgifter		2 616 351	11 162 330



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Kortsiktig konserngjeld	15	11 232 906	0
Gjeld til medlemmer		16 081 260	14 075 503
Anna kortsiktig gjeld		7 983 711	18 255 166
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>104 169 822</b>	<b>134 430 210</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>104 803 752</b>	<b>141 992 320</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 030 185 402</b>	<b>1 046 957 995</b>



## Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Energisal	1	22 023 469	
Inntekter overføring	1	69 345 639	
Breidbandsinntekter	1	49 825 450	
Andre driftsinntekter	1, 15	5 367 983	
<b>Sum inntekter</b>		<b>146 562 541</b>	
<b>Kostnader</b>			
Aktivisering investeringsarbeid	3	-6 956 318	
Energikjøp	1	18 560 699	
Overføringstenester	1	24 008 245	
Varekjøp breiband		25 756 723	
Øvreste varekjøp		2 192 133	
Lønnskostnader	2	26 650 632	
Ordinær avskrivning	3	20 444 292	
Annan driftskostnad	2	19 065 222	
<b>Sum kostnader</b>		<b>129 721 628</b>	
<b>Driftsresultat</b>		<b>16 840 913</b>	
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt frå investering i dotterselskap		0	
Anna renteinntekt		461 460	
Anna finansinntekt		24 376 891	
Urealisert verdiendring verdipapir		-92 050	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>24 746 301</b>	
Tap på sal verdipapir		178 193	
Rentekostnad til føretak i same konsern		835 750	
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 013 943</b>	
<b>Netto finans</b>		<b>23 732 358</b>	
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>40 573 271</b>	<b>0</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	10	2 278 207	



## Konsernets resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Ordinært resultat etter skattekostnad		38 295 064	0
Årsresultat		38 295 064	0



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Bygningar	3	14 724 073	
Distribusjonsnett	3	227 698 516	
Breibandsnett	3	84 010 220	
Anlegg under utførelse	3	4 450 513	
Øvreste driftsmidler	3	6 282 558	
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>337 165 880</b>	
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	5	0	
Investeringar i aksjar og andelar	4	648 072 154	
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>648 072 154</b>	
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>985 238 034</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Materiallager		1 977 480	
<b>Sum varer</b>		<b>1 977 480</b>	
<b>Krav</b>			
Kundefordringar		37 781 419	
Andre fordringar	2	5 462 327	
Konsernkrav	15	0	
<b>Sum krav</b>		<b>43 243 746</b>	
<b>Investeringar</b>			
Markedsbaserte fondsandelar	14	19 961 147	
<b>Sum investeringar</b>		<b>19 961 147</b>	
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	11	3 917 697	




### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		3 917 697	
Sum omløpsmiddel		69 100 070	0
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>1 054 338 104</b>	<b>0</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Medlemskapital	6	1 061 700	
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>1 061 700</b>	
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Etterbetalingsfond		9 700 000	
Annan eigenkapital	7	918 538 444	
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>928 238 444</b>	
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>929 300 144</b>	<b>0</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	8	1 373 541	
Utsett skatt	10	6 930 805	
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>8 304 346</b>	
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>8 304 346</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	12	64 561 509	
Leverandørgjeld		9 879 312	
Betalbar skatt	10	1 100 000	
Skuldige offentlege avgifter		9 960 616	
Kortsiktig konserngjeld	15	0	
Gjeld til medlemmer		16 081 260	
Anna kortsiktig gjeld		15 150 917	



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Sum kortsiktig gjeld		116 733 614	
Sum gjeld		125 037 960	0
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 054 338 104</b>	<b>0</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
EC899F94E38F11162ED1140DA0E57DB2



## Innhald

Eit spesielt år.....	4
Nøkkeltal.....	6
Finnås Kraftlag SA (Konsern).....	6
Finnås Kraftlag AS (Marknad).....	6
Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys).....	7
Konsernet si verksemd.....	8
Føremål.....	8
Medlemstal.....	8
Oppgjer for partmedel.....	8
Eigarskap i andre.....	8
Medlemskap i Organisasjonar.....	8
Organisasjon.....	9
Styret.....	10
Vararepresentantar.....	10
Revisjon.....	10
Visjon og verdier.....	11
Omorganisering til konsern.....	11
Bømlo Kraftnett AS.....	11
Nettselskapet sitt eigarskap i andre.....	11
Finnås Kraftlag AS.....	11
Vidare drift.....	11
Arbeidsmiljø.....	12
Likestilling og diskriminering.....	12
Ytre miljø.....	12
Etikk og samfunnsansvar.....	13
Årsregnskap.....	13
Framtidig utvikling.....	13
Finansiell risiko.....	14
Forsikring styret og dagleg leiar.....	14
Disponering av resultat.....	15
Kort om drifta i 2020.....	16
Finnås Kraftlag SA.....	16
Bømlo Kraftnett AS.....	16
Personale.....	16
Eigedomar.....	16
Ekornsæter stasjon.....	16
Børnysund stasjon.....	16
Nettstasjonar.....	16
Nettleige.....	17
Nettdrift.....	18
Det lokale el-tilsyn, DLE.....	20
Veglys.....	21
Byggjestrøm.....	21
Finnås Kraftlag AS.....	22
Personale.....	22
Breiband.....	22
Kraftomsetnad.....	24
Elbil-lading.....	24



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
E0899F94E38F11162EC1150A0E57DB2



Fjernvarme .....	24
Resultatrekneskap .....	25
Balanse pr. 31. desember .....	26
Rekneskapsprinsipp .....	28
Note 1 – Segmentinformasjon .....	31
Note 2 – Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjørelser, lån til tilsette m.m. ....	33
Note 3 – Varige driftsmidler .....	34
Note 4 – Aksjer og andeler i andre foretak mv. ....	35
Note 5 – Investering i datterselskap .....	35
Note 6 – Oversikt over medlemsinnskot .....	35
Note 7 – Eigenkapital .....	36
Note 8 – Pensjonskostnader, midlar og forpliktingar .....	37
Note 9 – Kraftkontraktar .....	38
Note 10 – Skattekostnad .....	39
Note 10 – Skattekostnad held fram .....	40
Note 11 – Likvidar og likvidplasseringar .....	41
Note 12 – Annan langsiktig gjeld .....	41
Note 13 – Finansiell risiko .....	41
Note 14 – Marknadsbaserte fondsandelar .....	42
Note 15 – Transaksjonar og mellomvarande med nærstående partar .....	42
Note 16 – Store enkelt transaksjonar .....	42
Kontantstraum .....	43



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
E0899F94E38F11162E041540A0E57DB2

## Eit spesielt år

Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag har lagt bak seg eit travelt og spesielt år. Frå 1/1-2020 vart Finnås Kraftlag SA omdanna til eit konsern med to dotterselskap. Nett- og veglysaktiviteten vart skilt ut i selskapet Bømlo Kraftnett AS. Kraftomsetning og breiband vart lagt i selskapet Finnås Kraftlag AS. Dei administrative stillingane vart igjen i morselskapet Finnås Kraftlag SA. Overgangen til konsern har medført mykje administrativt arbeid. Nye rutinar måtte på plass, og mange oppgåver må nå gjerast i tre omgangar mot berre ein tidlegare. Også styret har merka endringane. Sjølv om me har valt å ha gjennomgåande styre i alle tre selskapa, må styrepapira følgje respektive selskap med eigne innkallingar og styreprotokollar. Etter kvart har ein blitt meir og meir komfortabel med den nye organiseringa, men me ser at mykje har blitt meir tungvint, samanlikna mot tidlegare. Det er kravet om skilje på selskapsnivå mellom nettselskap og andre verksemdar som er årsaka til den organisatoriske endringa. Heldigvis er det innført eit unntak for kravet om funksjonelt skilje for nettselskap med færre enn 10.000 nettkundar. Bømlo Kraftnett AS er då godt innanfor dette kravet.

Den store hendinga i 2020 var sjølvsagt Covid-19 pandemien som råka vårt land for fullt i byrjinga av mars månad. I starten var ein veldig usikker på korleis ein skulle handtere pandemien, og korleis dette ville påverke samfunnet og bedriftene på Bømlo. Styret og administrasjonen frykta at dette kom til å påverke økonomien til kundane våre, og at fleire ville få betalingsproblem som fylgje av manglande inntening. Som eit selskap med stabil aktivitet, god økonomi og vedtekter som seier ein skal arbeide til beste for innbyggjarane på Bømlo, vart det gjort eit vedtak om at ein skulle gi rabattar til kundane våre. Resultatet vart at me reduserte kostnadane for abonnentane på

breiband og nett med om lag 8 millionar. I tillegg auka me sponsorbudsjettet slik at me kunne gi ekstra støtte til lag og organisasjonar som blei spesielt råka av restriksjonane i samfunnet. Totalt reduserte me kostnadane med nærare 8 millionar og auka sponsormidlane med 500.000,-. Kraftlaget har og merka pandemien godt. Med mange skuleelevar og kontorpersonell på heimkontor, vart plutselig ordinære privatabonnement like viktige som industri og skular. Dermed vart det vanskeleg å planleggje og gjennomføre arbeid både på straum og breibandnett. Å besøkje heimane for å utføre lovpålagt tilsyn vart og vanskeleg. Av ovannemnde grunnar vart berre kritisk vedlikehald prioritert. Me merka og at ekstra mange ynskte å bli fiberkunde av oss slik at dei kunne få tilgang til stabilt og raskt fibernet på heimkontoret. Finnås Kraftlag kan tilby fibernet til alle våre kundar. Dette er ein viktig grunn til at Bømlo kommune med sine 98% Gigabit-dekning er nr. 2 i landet på slikt tilbod. Det var berre Nordkapp som var betre med sine 99%.

Me må takke dei tilsette som stilte opp i denne perioden. Sjølv om det var stor uvisse om korleis viruset spreidde seg, tok monterane på seg oppdrag ute hos kundane våre. Med gode rutinar for reinhald og smittevern, kopla me opp fleire nye kundar i denne første perioden av pandemien samtidig som me vektla å hjelpe eksisterande kundar med heimkontor og utfordringar dei måtte ha. Fleire av våre eigne tilsette har og nytta heimkontor for å unngå spreiding av viruset. Med litt nyinnkjøpt IT-utstyr har ordninga fungert godt, og me er etter kvart blitt ekspertar på Teams og andre elektroniske hjelpemiddel.

Me er ikkje berre eit infrastrukturselskap, men og ein samfunnsbyggjar. Å ta inn

  
FINNÅS KRAFTLAG



lærlingar er nærast sjelvsagt. Me har som mål å ha to lærlingar i energimontørfaget til ei kvar tid. I april bestod Stian Ytrøy sin fagprøve med glans, og i august kunne Lennart Andal ta til som ny lærling.



Energimontør Stian Ytrøy

Tidlegare elverksjef Nils Gunnar Gloppen varsla tidleg styret om at han ynskte å gå av med pensjon i løpet av våren 2020. Grunna pandemien tok prosessen med å finne ny leiar noko tid, og Nils Gunnar hadde sin siste arbeidsdag 01.09.2020. Nils Gunnar hadde då arbeida 38 år i kraftlaget og 32 av desse som øvste leiar. Nils Gunnar har leia og utvikla kraftlaget på ein god og trygg måte, og det var med god grunn han vart heidra på årsmøtet i juni 2020.

Underteikna tok til som administrerande direktør 1. september og trivast saman med flinke tilsette og kjekke kundar. Det har vore mykje å sette seg inn i og mange system er nye både for meg og dei tilsette.

Finnås Kraftlag står midt oppe i ei IT omlegging. Fram til no har me vore avhengig av nokon få leverandørar som leverer komplette system spesialisert for oppgåver og funksjonar i energibransjen. Det er få slike leverandørar på marknaden, og dermed lite konkurranse både på pris og kvalitet. Framover ynskjer me i samarbeid med Nettalliansen å gå over til rimelegare leverandørar som leverer standard hyllevarerprogram. Samhandlinga mellom programma vil då måtte skje via ei integrasjonsplattform. Denne løysinga stiller større krav til integrasjonsmodulen, men skal til gjengjeld gjere det enklare å få gode prisar og veksle mellom leverandørar frå tid til anna. Overgangen frå eksisterande til nye leverandørar er i gang og vil nok medføre auka kostnader i

perioden med overlapp mellom systema. Målet med prosjekta er å få betre tilgang til informasjonen ein har i systema, men og å spare kostnader og bli meir uavhengige av enkelte leverandørar. Me håpar at me klarer å dra i land desse prosjekta, men det er mange skjer i sjøen og det står att mykje arbeid før ein er i mål.

Kundane har forventningar om at kraftselskapa skal tilby meir enn berre straum og breiband. Hausten 2020 kartla me difor potensialet rundt elbillading. Det viste seg at dette var noko mange ynskte at Finnås kraftlag skulle tilby. Det var difor kjekt å få på plass leverandør av ladeutstyr og installasjonsselskap heilt på tampen av året. Framover er planane å utvide tilbodet til også å omfatte sal og installasjon av solceller. Me er avhengige av partnarar for desse satsingane og det kan vera tidkrevjande å få alle avtalar på plass.

Visjonen vår forpliktar: «Me e' der når nåke skjer!». Kraftlaget har som mål å yta ekstra god kundeservice. Difor er det svært gledeleg at me for 11. år på rad er i teten ved samanlikning av tilbakemeldingar frå kundane i Altibox-partnerskapet. Me ser av tilbakemeldingane at det er heile verksemda som blir vurdert, og me set pris på alle dei verdifulle tilbakemeldingane me får. Me skal bruke desse i vårt arbeid med å bli endå betre.

Me går ei spennande tid i møte, men Finnås Kraftlag har nå tilpassa seg dei nye reglane og er godt rigga for framtida. Me har dyktige og motiverte medarbeidarar som er klare til å møte dei utfordringane me står ovanfor. Me lovar og å gripa dei moglegheitene som måtte dukke opp!

Til slutt vil eg få takka leverandørar, kundar, tilsette, styret og medlemmer for eit godt samarbeid i 2020.

Tor Bjarne Smedsrud  
Administrerande direktør



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Nøkkeltal

#### Finnås Kraftlag SA (Konsern)

Nettodektal Finnås Kraftlag SA (Konsern)	2020	2019	2018	2017	2016
Driftsinntekter	146 563	178 539	173 822	148 425	146 314
Driftsresultat	16 841	13 366	13 531	9 847	12 668
Utbytte Haugaland Kraft (SKL før 2018)	23 261	26 194	12 183	12 168	3 853
Finansinntekter	23 732	25 674	8 676	567 515	2 811
Resultat før skatt	40 573	39 039	22 207	577 362	15 479
Skatt	2 278	2 511	1 342	1 125	2 389
Årsresultat	38 295	36 529	20 865	576 237	13 090
Kjøpsutbytte	12 000	10 000	7 300	5 000	0
Allmenntilgode gäver	1 961	2 274	1 910	1 462	2 673
Medlemmer	3 539	3 538	3 493	2 940	2 971
Antal tilsette, totalt	31	31	32	31	33
Antal lærlingar (herav)	2	2	2	2	3
Pensjonistavtale (herav)	2	2	2		
Fråværsprosent	4,4 %	4,3 %	5,0 %	2,3 %	1,9 %
Pensjonskostnad	3 074	3 692	3 844	4 120	4 364
Netto pensjonsforpliktning	1 374	1 713	1 879	1 346	540
Personalkostnad	26 651	27 158	26 382	27 680	26 616
Investeringar totalt for konsernet	31 845	27 565	44 074	46 654	23 052
Totalt kapital	1 054 338	1 046 958	1 054 255	1 019 242	440 881
Eigenkapital	929 300	904 966	880 698	868 877	299 111
Eigenkapitalandel	88 %	86 %	84 %	85 %	68 %
Gjeld til kredittinstitusjonar	64 562	80 709	105 907	81 000	85 500

#### Finnås Kraftlag AS (Marknad)

Nettodektal Finnås Kraftlag AS	2020	2019	2018	2017	2016
Driftsinntekter	73 473	109 143	108 093	87 188,0	81 458
Driftsresultat	5 451	7 899	5 819	7 357	5 577
Breibandskundar (Privat)	5 341	5 137	4 964	4 802	4 666
Breibandskundar (Bedrift)	185	185	185	185	183
Fiberoppkoplingar	254	226	203	246	314
Fiberkabler (km)	886	857	831	802	742
Nodestasjonar	18	18	18	17	17
Antall Straumkundar (postensikring/abbomassone)	7 134	7 291	7 383	7 405	7 386
Marknadsandel antall kundar	82,4 %	85,2 %	87,4 %	89,4 %	90,8 %
Kraftsal eigne kundar (GWh)	137,9	133,6	133,2	131,0	131,8
Marknadsandel volum	79,4 %	79 %	78 %	78 %	79 %
Snitt straumpris inkl. påslag og mva <sup>1</sup>	17,6	54,9	56,7	36,9	32,2
Antal tilsette, totalt	8				
Lærling (herav)	0				
Pensjonistavtale (herav)	1				
Pensjonskostnad	813				
Pensjonsforpliktning	270				
Sjukesfråvær	4,6 %				
Personalkostnad	6 737	9 191	8 168	7 788	6 372
Investeringar	10 617	15 726	12 158	9 403	10 856
Avskrivningstid elektronikk (år)	3	3	3	3	3
Avskrivningstid Nodeelektronikk	8	8	8	8	8
Avskrivningstid nodehytter (år)	20	20	20	20	20

1) Finnås Kraftlag gjennomsnitt, ikkje forbruksvekta.





## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

Børnlo Kraftnett AS (Nett og veglyst)

Økonomisk/Børnlo Kraftnett	2020	2019	2018	2017	2016
Nettramme frå NVE	44 523	43 328	46 623	41 452	48 846
Kostnad overliggende nett	24 144	22 523	19 436	18 393	15 398
Tilført inntekt (nettleigeinntekt)	70 761	69 476	67 001	58 351	65 037
Meir (+) Mindre (-) inntekt	1 206	-3 532	-4 041	-613	-2 737
Akkumulert meir(+)-mindreinntekt(-)	4 260	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Driftsinntekter	75 365	69 395	65 728	61 237	64 935
Driftsresultat Børnlo Kraftnett (segment nett)	10 530	5 467	7 713	2 489	7 170
KILE kostnad	609	593	531	903	1258
Nettleige hushaldning øre/kWh (ink avgifter) <sup>1</sup>	69,9	65,04	63,98	61,00	64,8
Innmata energi (GWh)	181,9	177,76	179,9	176,3	176,6
Målt forbruk sluttkunde (GWh)	173,8	169,7	171,0	167,5	166,8
Nettap (GWh)	8,1	8,03	8,9	8,8	9,7
Max Effektuttak	33,4	35,93	41,96	36,69	39,4
Nettkundar	8 662	8554	8445	8285	8131
Transformatorar	346	341	335	334	321
Nettstasjonar	325	320	318	318	308
HS linjelinjer (km)	123	124,4	127,4	134,3	140,3
HS jordkabel (km)	138	131,6	125,6	114,5	101,4
HS sjøkabel (km)	10	11,4	11,4	11,4	11,2
Antal tilsette totalt	17				
Læringar (herav)	2				
Pensjonistavtale (herav)	1				
Pensjonskostnad	1 592				
Pensjonsforpliktning	470				
Sjukesfråvar	4,6 %				
Personalkostnad	13 697	17 967	18 214	19 892	17 080
Investeringar	16 872	11 840	31 491	36 830	12 056
Avskrivingstid nettanlegg (år)	40	40	40	40	30
Avkastningsgrunnlag	238 417	233 185	220 239	193 679	178 102
Avkastning før avskrivning av inntektsramme	4,4 %	4,2 %	5,6 %	3,2 %	5,8 %
Avkastning etter avskrivning av mindreinntekt <sup>2</sup>	4,4 %	3,0 %	3,7 %	2,9 %	4,3 %

1) Snitt på 20.000 kWh

2) Ingen avskrivning av mindreinntekt i 2020



Foto: Jone Røksund



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
E0899F94E38F11162ED4140DA0E57DB2

## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

**Årsmelding**

## Konsernet si verksemd

Finnås Kraftlag er lokalisert i Bømlo kommune og organisert som eit SA. Selskapet eig i selskap som driv med kraftomsetting, nettdrift, tele og produksjon. Selskapet vert leia av eit styre valt av årsmøte. Årsmøte er oppe for alle medlemene i selskapet. Den daglege leiinga vert ivareteke av administrerande direktør, som rapporterer til styret. Selskapet utfører kundeservice, reinhald, marknadsarbeid og økonomitjenester for dotterselskapa.

## Føremål

Finnås Kraftlag SA er eit allmenntilgjøggle samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet.
- Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg.
- Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar.
- Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- Delta i tiltak med allmenntilgjøggle føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde og yta gåver til tiltak med allmenntilgjøggle føremål i konsesjonsområdet.

## Medlemstal

Pr. 31.12.2020 har Finnås Kraftlag 3539 registrerte medlemmer.

## Oppgjer for partmedel

Pr. 31.12.2020 er det partar med ein samla verdi på om lag 4,1 mill. som framleis ikkje er innløyst.

## Eigarskap i andre

Selskapet Finnås Kraftlag SA er mor i konsernet og eig 100% av nettselskapet Bømlo Kraftnett AS og 100% av marknadsselskapet Finnås Kraftlag AS. I tillegg eig selskapet 9,53% av Haugaland Kraft AS.

## Medlemskap i Organisasjonar


Finnås Kraftlag SA er medlem i Samfunnsbedriftene, Energi Norge, Opplæringskontoret HSO, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet REN, Interessefellesskap for Energiverkene i Regionen IFER, og Bømlo Næringsråd.





Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

Organisasjon



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
E0899F94E38F11162ED1140DA0E57DB2



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Styret

Styret består av sju medlemmer og to observatørar. Seks av medlemmene er valt av årsmøtet og eit av dei tilsette. Bømlo kommune og dei tilsette har ein fast observatør. Styret er gjennomgåande og difor likt i Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS.



Torleiv Fylkesnes  
Styreleiar



Anne-Beth Njærheim  
Nestleiar



Eli Furnes  
Styremedlem



Ove Grønås  
Styremedlem



Vermund Hjelland  
Styremedlem



Signe Lund Jansen  
Styremedlem



Johnny Rolfsnes  
Styremedlem  
Valt av dei tilsette



Sammy Olsen  
Observatør  
Bømlo kommune



Thomas Vespestad  
Observatør  
Valt av dei tilsette

### Vararepresentantar

1. varamedlem: Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm  
2. varamedlem: Reinert Røksund  
3. varamedlem: Stina Raknes Kvarven

1. vara tilsettere representant: Rune Nesse  
2. vara tilsettere representant: Tove Lise A. Aasheim

Vara kommunen sin observatør: Ragnfrid Sønstabe

### Revisjon

Deloitte AS  
Lars Hilles gate 30  
Pb 6013 Postterminalen  
5892 Bergen



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
E0899F94E38F11162ED4140DA0E57DB2

## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

Visjon og verdier

**Me e' der når nåke skjer!**

Finnås Kraftlag syter for ei sikker og stabil straumforsyning og gode breibandtenester til alle i konsesjonsområdet. Dette kan me gjera med eit høgt servicenivå fordi me har kompetanse, infrastruktur og tilsette som er ein del av lokalsamfunnet. Ein viktig del av vårt eksistensgrunnlag er at me skal vera ein solid og aktiv bidragsytar til samfunnsutviklinga på Bømlo.

Våre verdier:

Finnås Kraftlag skal vera:

- Servicevennlege
- Offensive
- Rettskafne
- Dyktige

Gjennom lokalt eigarskap og lokalisering har Finnås Kraftlag ein sterk posisjon i befolkninga og hos kundane. Selskapet har eit godt omdømme og skårar høgt på kundeundersøkingar.

Omorganisering til konsern

For å tilpassa seg endringa i energilova og kravet om skilje av selskapa har ein etablert konsernstruktur gjeldande frå 01.01.2020.

Bømlo Kraftnett AS

Bømlo Kraftnett AS eig og driftar distribusjonsnettet i konsesjonsområdet. Selskapet eig og stasjonsbygningane der hovudtrafoane for forsyning av øya er plassert, medan det er Haugaland Kraft Nett som eig transformatorane og dei tilhøyrande innmatingslinjene. Det er og Bømlo Kraftnett som driftar veglysa langs dei kommunale og deler av dei fylkeskommunale vegane på Bømlo.

Nettselskapet sitt eigarskap i andre

Bømlo Kraftnett med sine 1,062% er ein av 21 eigarar i driftsselskapet Validèr, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Saman med 30 andre nettselskap eig me og i Nettalliansen. Dette er eit samarbeid mellom nettselskap om fellestenester/innkjøp.

Finnås Kraftlag AS

Finnås kraftlag AS driv med kraftomsetning, ladeinfrastruktur til elbil og breibandtenester i konsesjonsområdet. Finnås Kraftlag AS er medpartnar av Haugaland Kraft Fiber og leverer innhaldstenester frå Altibox. Selskapet har eg eigne produkt/leveransar utanfor Altibox samarbeidet. Fram til september var selskapet og involvert i fjernvarme, men denne aktiviteten er nå overdratt til andre. Selskapet har høg marknadsandel både innan straum og breiband.

Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Innteninga er god og eigenkapitalen er høg. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

## Arbeidsmiljø

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 29,6 årsverk i konsernet, fordelt på 27 faste stillingar, 2 på pensjonistvilkår og 2 lærlingar. I morselskapet var det ved årsskiftet totalt 6 tilsette.

Fråværsprosent totalt for konsernet: 4,4 %.

Fråværsprosent morselskap: 3,3%

Finnås Kraftlag brukar eit elektronisk system til å ta imot meldingar om avvik m.m. Talet på forbetningsmeldingar ligg lågt i høve til målsettinga vår og er truleg ein konsekvens av Corona-pandemien og færre samlingar der ein har fått prata om viktige HMS saker. Det er no gjort grep for å få opp talet på meldingar i 2021. Det er og oppretta eit HMS utval som blant anna skal godkjenne sakshandsaminga av meldingane.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møte i 2020.

Det er ikkje registrert arbeidsuhell med personskade i 2020.


## Likestilling og diskriminering

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt. Av dei fast tilsette er det 6 kvinner og 21 menn. Covid-19 restriksjonar har gjort det vanskeleg å arbeide målretta mot ungdom som skal ta vidare utdanning, men me oppfordrar jenter til å søkje utdanning innan våre fagfelt.

I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Av årsmøtevalte styremedlemmer er fordelinga 50/50.

## HMS MÅL

- Null skadar
- Sjøkefråvær under 2%



## Ytre miljø

Våre verksemdar er viktige brikkar i arbeidet med å etablere fornybare samfunn, men me kjem ikkje unna at me påverkar miljøet rundt oss. Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og bygging av infrastruktur. Me søker å finna løysingar som er mest mogleg estetisk og vel ofte kabelgrøfter der dette er økonomisk forsvarleg. Kraftlinjene våre er synlege i terrenget og må ryddast for uønskt vegetasjon. Ved skogrydding forsøker me å kviste og rydde på innmark. Det meste av greiner blir kverna opp og ført tilbake i naturen.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektrisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeida er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje frå transformatoren. Transformatorar som står i nettstasjonsbygg har oppsamlingskar under seg for å fange opp slik lekkasje, medan lekkasje frå trafoar i mastearrangement kan hamne i naturen. Me har ikkje hatt hendingar med unormale utslipp til naturen i 2020.



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Etikk og samfunnsansvar

Finnås Kraftlag tar i høgste grad samfunnsansvar. Heile selskapet er tufta på at ein skal arbeide til beste for samfunnet på Bømlo. Årleg deler ein ut gåver til frivillige lag og organisasjonar på fleire millionar kroner. Dei siste 20 åra har Finnås Kraftlag støtta Bømlo-samfunnet med omlag kr. 60 mill. til allmenntillegte føremål.

Finnås Kraftlag har i år hatt ein større sponsoravtale med Bømlo Teater og nokre mindre sponsoravtaler med dei ulike idrettslagane rundt om på øya.

Selskapet legg og igjen mykje midlar lokalt i form av kjøp av materiell og tenester og skattar og avgifter til kommunen.

Selskapet har vektlagt gode verdiar og brukar dette aktivt i sitt haldningsskapande arbeid både internt og eksternt.



### Årsrekneskap

Finnås Kraftlag-konsernet hadde i 2020 omsetning på kr. 146,6 mill. mot kr. 178,54 i 2019. Driftsresultat vart kr. 16,84 mill. og årsresultat etter skatt vart kr. 38,29 mill. Tilsvarande tal for 2019 var kr. 13,37 mill. og kr. 36,53 mill.

Det er sett av kr. 12 mill. til kjøpsutbytte til medlemmene og kr 1,96 mill. til allmenntillegte gåver

Nedgangen i omsetning kjem av lågare kraftprisar og Corona-rabatt på kr. 8 mill. (inkl.mva)

Totalkapitalen for konsernet var ved utgangen av året kr. 1.054 mill. Eigenkapitalen var kr. 929 mill. Dette gir ein eigenkapitalandel for konsernet på 88,1%.

### Framtidig utvikling

Finnås Kraftlag SA er nå organisert som eit konsern og har etablert rutinar tilpassa den nye organiseringa. Me har fått nye logoar i dei ulike selskapa som er tilpassa krava om merkevaredifferensiering som vert gjeldande frå 2022. Vårt hovudmål er framleis å driva effektiv og sikker leveranse av straum og fibertenester til kundar i vårt konsesjonsområde på Bømlo. Sjølv om me nå tilfredstillar myndigheitene sine krav til organisering, er det forventa at det stadig vil bli vanskelegare rammevilkår for små nettselskap. Me har ein klar strategi om å halda fram som sjølvstendig selskap og det er difor viktig at me held fram med eit kontinuerleg forbetningsarbeid der ein stadig ser etter smartare og meir økonomiske måtar å drifte nettet på, samtidig som me opprettheld den gode kundeservicen som me er kjent for. Det er frå 2021, i samarbeid med dei tilsette, innført ei ny vaktordning som eit pilotprosjekt. Me håpar at ordninga fungerer både med tanke på servicenivå og sparte kostnader. For eit lite selskap er det viktig med gode samarbeidspartnarar. Som eigar i både Nettalliansen og Haugaland Kraft, har ein sikra seg gode og ulike samarbeidspartnarar for selskapet.

Breibandsatsinga til kraftlaget har vore vellykka, og slik me ser det vil behovet for fibertilknytning til bedrifter og privatpersonar halda fram. Innføring av 5G mobilnett kan medføre sterkare konkurranse, spesielt om fritidskundane. Me veit at vår samarbeidspartnar Altibox føl utviklinga tett og vurderer ulike strategiar for å møte konkurransen.



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vær og klima. Då er det godt å vite at me har investert i gode grøfter i dei nye vegane på Børnlo. Dette vil me halde fram med etter kvart som vegarbeida held fram rundt om på øya.

Koronaviruset, Covid-19, gir framleis utfordringar og Finnås Kraftlag føl retningslinjene som er gitt av myndigheitene. Selskapet har gjort ei rekke tiltak for å hindre smitte og har per dags dato tilnærma normal drift og aktivitet.

Låge kraftprisar gjennom heile 2020 gir noko redusert utbytte frå Haugaland Kraft dei næraste åra. Utbyttereglane som baserer seg på 3 års snitt, vil jamne ut noko av effekten. Avgjerda om å bytte aksjane i SKL mot Haugaland Kraft aksjar gjer at me ikkje er like eksponert mot svingingane i kraftprisane som tidlegare. Nå har me fordelt risikoen på dei fire kjerneområda produksjon, nett, kraftomsetning og breiband, og har dermed «fleire bein å stå på».

Alt i alt meiner me selskapet er godt rusta til å møte utfordringane me står ovanfor.

## Finansiell risiko

Finnås Kraftlag har investert ein mindre del av verdiane i langsiktige fond og aksjar. Det er låg risikoprofil på investeringane og derav mindre finansiell risiko. Finnås Kraftlag er og ein stor eigar i Haugaland kraft AS og ser at det er ei viktig oppgåve å forvalte dette eigarskapet på ein god måte.

I den daglege drifta er ein eksponert for noko finansiell risiko knytt til renterisiko, kundefordringar og finansielle kraftkontraktar. Selskapet møter risiko for manglande oppgjør frå kundar med tett oppfølging via gode rutinar for betalingsoppfølging og kredittvurdering.

Selskapet har god likviditet og tilgang til kassekreditt som enkelt kan utvidast. Ein har også reserve gjennom fond som kan realiserast om nødvendig. Finnås Kraftlag har valt å ha ein rullerande kassekreditt som vert fornya kvart 2. år, då dette er vurdert som mest kostnadseffektivt. Grunna Covid-19 pandemien har selskapet gjennomført ei ekstra vurdering av refinansieringsrisiko. Basert på Finnås Kraftlag sin sterke finansielle posisjon, selskapet sine viktige og samfunnskritiske produkt, og uttale frå vår bank vurderer ein Finnås Kraftlag refinansieringsrisiko som svært låg.

## Forsikring styret og dagleg leiar

Konsernet har teikna forsikring for styret og dagleg leiar for deira moglege ansvar ovafor føretaket og tredjepersonar. Forsikringsdekninga er avgrensa opp til 10 MNOK.





## Årsmelding 2020 Finnås Kraflag SA

### Disponering av resultat

<b>Disponering av resultat</b>	<b>34 376 575</b>
Foreslått utdelt allmennyttige gaver	1 960 900
Overført til annan egenkapital	20 415 675
Avsett til kjøpsutbytte medlemmer *	12 000 000
<b>Sum disponeringar</b>	<b>34 376 575</b>

• Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføre utbetaling av kjøpsutbytte til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2020. Administrasjonen skal sørge for at utbetalinga skjer i samsvar med lov om samvirkeforetak

### Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gaver vert gitt:

<b>Allmennyttige gaver</b>	
Gåvefond, disponert av styret	1 200 000
Bømlo Idrettslag, Lysløype Langevåg	550 000
Bømlo jakt og fiskelag, skytebane for vilt i bevegelse	106 100
Moster Idrettslag, Lys grasbane	59 300
Sønstabø og Nordtun Gardslag, Gapahuk i grindverk	45 500
<b>Sum</b>	<b>1 960 900</b>

Overskot for 2020 er kr. 34.376.575



Markerte byggestart for lysløype på Langevåg  
Bømlo Idrettslag, Lysløype Langevåg  
Bømlo Idrettslag, Lysløype Langevåg

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram.

Bremnes 5. mai

  
Torleiv Fylkesnes  
styrelseiar

  
Anne-Beth Njåheim  
nesteiar

  
Eli Furnes  
styremedlem

  
Signe Lund Jansen  
styremedlem

  
Tor Bjørne Smødsrud  
Administrasjonsleiar

  
Ove Grønås  
styremedlem

  
Verisund Hjeltnes  
styremedlem

  
Johnny Rolfsnes  
styremedlem

15



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
E0899F4E38F111e2E041400A0E57DB2



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Kort om drifta i 2020

#### Finnås Kraftlag SA

Det er morselskapet som leverer rekneskap, administrative tenester og reinhald til dei andre selskapa i konsernet. Etter at selskapet vart organisert som eit konsern har oppgåvemengda auka. Nå må det meste gjerast i tre vender. Budsjett, rapportering, løn og fakturahandtering er alle oppgaver som nå må utførast for tre selskap. Det har og vore krevjande å etablere rutinar som er tilpassa den nye organiseringa. Den auka arbeidsmengda har gjort det nødvendig å auke kapasiteten. I 2020 har ein løyst dette ved innleige, men frå sommaren 2021, vil det bli tilsett ein ny rekneskapsmedarbeidar.

Det er også morselskapet som stort sett driflar net- og Facebook-sidene til konsernet. Kundane sett pris på den gode servicen som vert levert og me får ofte gode tilbakemeldingar på vårt kommunikasjonsarbeid.

#### Bømlo Kraftnett AS

##### Personale

Det er totalt 17 tilsette i Bømlo Kraftnett. Av desse er ingen kvinner. Sjukefråværet i 2020 var 4,6%.

##### Eigedomar

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldlager/stolpelager og carport, med ei samla grunnflate på 3077 m<sup>2</sup>.

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

##### Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m<sup>2</sup> og utstyrt med 6 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

##### Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefelt med meir, er på 150 m<sup>2</sup>, inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

##### Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 346 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 85.317 kVA. Transformatorane er plasserte i 325 nettstasjonar. Av desse er 29 masteanlegg. Dei resterande nettstasjonane er ulike typar kioskar, som til saman inneheld 325 transformatorar.

#### FAKTA DISTRIBUTJONSNETT 2020

<b>22kV:</b>	
Luftledning:	118,0 km (119,9)
Hengeskabel:	4,5 km (4,5)
Sjøkablar:	8,6 km (8,6)
Jordkabler:	138,1 km (131,6)
Nettstasjonar:	325
Transformatorar:	346
Trafikkapasitet:	85 317 kVA

<b>5kV:</b>	
Luftlinjer:	1,1 km
Sjøkablar:	2 km

<b>&lt;1kV:</b>	
Luftlinjer:	337 km
Jordkabler:	342 km
Sjøkablar:	4 km

Netttonnar:	8662 stk.
Plusskondar:	5 stk

#### Lågspentnett:

Ved slutten av året består nettet av:

- 337 km luftlinjer
- 346 km jord- og sjøkablar



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
E0:899F94E38F111d2ED4140DA0E57DB2




## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Nettleige

Bømlo Kraftnett si tillatne inntekt i 2020 var 94,88 MNOK. Faktisk inntekt blei 94,162 MNOK og dette medførte ei mindreinntekt på 1,206 MNOK. Totalt har selskapet ved årskiftet 4,7 MNOK i mindreinntekt.

Å halde nettleiga lågast mogleg er eit viktig oppdrag for Bømlo Kraftnett. Om ein samanliknar kva kundane betaler for Bømlo Kraftnett sin part av oppdraget og kostnaden for overliggande nett, er utviklinga skremmende. Medan Bømlo Kraftnett sin part av nettleiga har vore stabil, har kostnadane til overliggande nett auka med 50% i tilsvarande periode. Dette er kostnader til Statnett og Haugaland Kraft for sentralnett og regionalt distribusjonsnett og er kostnader som me som lokalt nettselskap ikkje klarer påverke.

Nettleiga ved forbruk på 20 000 kWh var i 2020 69,92 øre/kWh, inkl. 16,13 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.  
Document ID:  
E0:899F94E38F11162ED4150DA0E57DB2

## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

## Nettdrift

**Nye veganlegg**

I 2020 var det stor aktivitet med omlegging av høgspentnett mellom Våge og Grutle, i samband med ombygging av Fv 541, Børøykrysset – Hestaneset. To nye nettstasjonar, Motorsportvegen og Pistadalen er etablerte, og nettstasjon Lykling Vassverk er sett på bakken ved den nye vegen. Om lag 7000 meter høgspenkabel er grave ned langs veganlegget, og 6500 meter er sett i drift.

**Skule- og teknologisenter i Rubbestadneset**

På Rubbestadneset er kabelanlegget mellom Nettstasjonane Atlanteren – Havly og Rubb ferjekai lagt om og oppgradert i samband med utviding av vegen. Her er og klargjort for tilkopling av ny skule og teknologisenter, og lagt kabel fram til grense for utviding av LOS Marine sine planlagde anlegg.

**Utviding og forsterking**

Nettstasjon Sambygg vart skifta og utvida med brytaranlegg for ny nettstasjon Kuben Ladestasjon, som vart etablert for å forsyne elbil-ladarar ved Kuben. Nettstasjon Dalaneset vart skifta på grunn av etablering av bustadar i det gamle industriområdet på staden. Nettstasjonane Bukkøy og Klungsholmen vart skifta og utvida med ekstra transformatorar for elektrifisering av oppdreitsanlegg. Nettstasjonane Eikeland sør og Svartesjøen vart sette i kiosk på bakken.

Me hadde ein netto tilgang på driftssette høgspenkablær på 6,5 km, medan netto avgang på høgspentlinjer er 1,9 km.

Lågspentnettet er bygd om og forsterka i dei krinsane der det er sett inn nye nettstasjonar. Finnås Kraftlag har eit godt og relativt nytt straumnett målt mot bransjen elles.

**Jordfeilovervaking**


Etter pålegg frå styresmaktene skal det monterast jordfeilovervaking (NSO) i alle nettstasjonar. Dette arbeidet vart starta i 2019, og er så godt som fullført i 2020.

**Anlegg under arbeid, planar**

I skrivande stund er nettstasjon Fylkesnes sør flytta ned på bakken, og transformator og sikringsanlegg er plassert i kiosk. Det vert forventa utvidingar og omleggingar på Hovlandshagen, i samband med fiskerihamn-prosjektet og nytt lakseslakteri. Byggearbeidet for Unitech sitt skule- og teknologisenter er i gang. Dette vil medføre aktivitet for Bømlo Kraftnett, i fyrste omgang på plansida, men og litt i felt. Den eldste linja mellom Ekornsæter og Stokkabekken skal fornyast med større kapasitet.



**BØMLO KRAFTNETT**  
Eit selskap i konsernet Finnås Kraftlag SA



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

Det er planlagt ein ny trafokrins i Goddeosen for nytt hyttefelt. Eit par planlagde bustadfelt kring Svortland kan krevja egne nettstasjonar, og tilpassing av høgspennnett.

Stansen i arbeidet med Bømlopakken førte til at kabelanlegget Sakseid – Hestaneset stoppa ved Hidle. Planane for vidareføring er klare og kan setjast i verk så snart vegarbeidet vert teke opp att. Inn til vidare står det att ein del riving av luftlinjer mellom Våge og Grutle.

### Driftsavbrot

I 2020 vart det registrert til saman 13 hendingar som førde til utilsikta driftsavbrot. To av desse var kortvarige ( $t < 3$  min), den eine skuldast feilkopling og den andre truleg fugl i luftledingsanlegg.


Det var registrert eitt trafohavari, og to sikringsbrot etter torevær, to feil skuldast truleg fugl i høgspennlinjer, ein feil skuldast sterk vind. Lause loopar i luftledingsanlegg førte til eitt avbrot, feil i gnistgap eitt, og svikt i brytarar to. Eitt avbrot skuldast at nettet måtte leggjast ut i samband med brann i bustad.

Nettselskapa er underlagt KILE-ordning. KILE er ei kompensasjonsordning for kostnad med ikkje levert energi, og gir eit bilete av kor mykje avbrot ein har hatt i nettet. I 2020 hadde Finnås Kraftlag ein kilekostnad på kr 609.000 mot kr 593.000 året før.

Kilekostnaden kan fortelja noko, men er ikkje ein fullgod indikator på leveringstryggleik og tilstand i nettet vårt. Til dette nyttar ein primært avbrotindikatorane SAIFI (avbrot pr. sluttbrukar gjennom året) og CAIDI (lengda på avbrot pr. sluttbrukar). SAIFI har gått opp frå 0,5 til 1,7, medan CAIDI er gått ned frå 50 til 31. Dette er verdiar godt nede på skalaen sett i landssamanheng.

**KILE kostnad**  
**Rekneskapsmessig**  
**Kostnad (sbote) for**  
**nettselskapet ved**  
**strømmutfall. Reduserer**  
**inntektene direkte i år 0.**  
**Det blir gitt 40% attende**  
**på inntektsramma etter to**  
**år som følge av auka**  
**kostnader i år 0.**

### Energiuttak





## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

Det lokale el-tilsyn, DLE

Covid-19 pandemien gjorde tilsynsåret 2020 utfordrende med stadige omstillinger og kontinuerleg fokus på ulike typar risikovurderingar gjennom året. Dette utfordrende risikobildet gjorde at tilsynsaktivitetar har variert i omfang og hyppigheit gjennom store delar av året.

DLE har i 2020 gjennomført tilsyn med bustadar, hytter, rorbuer, naust og verksemdar. Kontrollane som vart utførte retta seg både mot nyanlegg og periodiske anlegg, samt revisjonar/verifikasjonar av verksemdar. I samband med tilsyn har me spesielt fokus på ladesystem for elbil. Delar av tilsynsoppgåvene vart utført i eit samarbeid med Haugaland Kraft.

Totalt vart det utført 235 tilsyn ved nye/periodiske bustadar, rorbuer, naust og hytter. Det har også vore utført 16 revisjonar og 94 verifikasjonar.

Det er totalt 8158 tilsynsobjekt under det lokale el-tilsynet i vårt område.

Det har vore 6 brannar/tilløp til brann i bygningar som er meldt til brannvesenet i 2020. Til samanlikning var det 4 brannar/tilløp til brann i bygningar som vart meldt til brannvesenet i 2019.

DLE ved Børnlo Kraftnett nyttar seg av Haugaland Kraft sin spesialkompetanse ved brannetterforskning.



Tilsynsobjekt / resultatområde	Antall tilsynsobjekt	nyanlegg i 2020	Årsmøllom planlagt og utført	Månader
<b>Bygninger</b>	5612	80	2	Utført: 188 kontrollar
<b>Bygninger</b>	1130	30	2	Utført: 37 kontrollar
Bygghjem / eidertjenn / helseinstitusjonar	5		1	Utført til 2021
Bygghus	0		0	
Helseentre	16		4	Neste kontroll i 2021
Restauranter / diskotek	9		2	Utført: 2 kontrollar
Hovaller	1		1	Neste kontroll i 2024
Forsamlingslokaler	15		6	Utført: 5 kontrollar
Beredsnadsjonar	6		2	Neste kontroll i 2021
Lokertingsanlegg	0		0	
Andre anlegg i EV-området	2		1	Neste kontroll i 2024
Campingplassar	1		1	Neste kontroll i 2023
Varmevordige bygningar	4		1	Utført: 4 kontrollar
Trebebyggjende industri	2		1	Neste kontroll i 2023
Barnelager / stoler	19		2	Utført: 8 kontrollar
Bil / merk. Varselrader	20		1	Utført: 2 kontrollar
Gasstilsanlegg	19	5	2	Neste kontroll i 2026
Idrettsanlegg	11		0	Utført: 1 kontroll
Driftsbygningar (med eller uten risikokategori)	43		2	Utført: 7 kontrollar
Boligblokkar (risikokategori og helseanlegg)	2		1	Neste kontroll i 2030
Industriutviklingsområde	63		4	Utført: 6 kontrollar
Annan næringsutviklingsområde / bygg	185		3	Utført: 16 kontrollar
<b>Utenfor tilsynsområde</b>	853	30	2	Utført: 49 kontrollar
<b>Sum kolonnar</b>	<b>8048</b>	<b>125</b>	<b>127</b>	



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
EC:899794E38F11162ED1150DA0E57DB2

## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Veglys

Ved årsskiftet er det i drift 2234 kommunale og fylkeskommunale veglyspunkt langs offentlig veg, samt 987 private veglys. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehald av veglys som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for.

### Byggjestrøm

Bømlo Kraftnett leiger ut byggjestrømskap til private og entreprenørar som måtte ha bruk for dette. Nettselskapet er plikta å kople til byggjestrømskap, men ikkje til å leige ut slike skåp. Difor er desse leigeinntektene halde utanom inntektsramma og vert bokført som anna verksemd.



Montøran våre er like blide uansett vær og vind.



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

Finnås Kraftlag AS

Personale

Det er totalt 8 tilsette i Finnås Kraftlag AS. Av desse er det ei kvinne. Sjukefråværet i 2020 var 4,6%.

Breiband

I 2020 vart 254 nye fibersentralar kopla opp på fibernettet i einbustadar, leilegheiter, fritidshus og bedrifter. Sjølv om året starta som alle andre år, blei det også store endringar for breibanddelen av Finnås Kraftlag AS.

**Korona-effekt**

2020 blei eit «annleis» år for breiband på lik linje med resten av samfunnet. Brått vart det meir omfattande å installere nye kundar, då ein måtte ta i bruk smittevernstiltak.

Koronasituasjonen skapte stor etterspurnad etter høgare hastigheit grunna omfattande bruk av heimekontor og heimeskule. For desse kundane hasta det å få installert fiber og dette medførte høg aktivitet og arbeidspress på avdelinga. Me opplevde også stor etterspurnad i fritidsmarknaden då fleire måtte ta ferie i heimlandet.

Etterspurnaden medførte at me måtte oppgradere ein god del linjer internt på øya, men også linjer inn og ut av øya, for å ha nok kapasitet til å ta unna all trafikken. Videomøter og video-undervisning dreiv opp kapasitetsbruket i heile fibernettet med omlag 40%. Ut på våren vart det bestemt at ein skulle gi alle breibandskundar ein Korona-rabatt over 3 månader, for å bidra i dugnaden.

I tillegg til å handtere stor auke i etterspurnad har ein gjennomført ordinært vedlikehald og feilretting. Av omsyn til smittevern innførte me direkte oppmøte for monterane våre. Dette var mogleg å gjennomføre då me allereie hadde innført elektroniske arbeidsordresystem.

**Altibox-avtale**

Det var svært gledeleg å få nyheita om at Altibox for 11 år på rad vann kåringa beste internett- og TV-leverandør. At Finnås Kraftlag i tillegg skåra svært høgt på kundeundersøkinga gjer oss stolte og audmjuke. Dette forpliktar og me vil lytta til dei gode innspelane og jobba for å bli enda betre. Me er glade for at me på tampen av året har inngått ny avtale med Haugaland Kraft om levering av Altibox til kundane på Bømlo dei neste 5 åra.

**Fornyng av utstyr**

Eit stort prosjekt i 2020 var utskifting av eldre Tv-dekodarar. Dette er ledd i ein langsiktig plan for modernisering av TV-plattformar. Opptak ligg ikkje lenger lagra ute hos kundane, men er samla sentralt hos Altibox. Me fekk ein del

### FAKTA BREIBANDSNETT 2020

Nodar	18 stk.
Fiberkabel	896 km (857)
Prisjonsandar	5341 (5137)
Fritidsandar (lesav)	1003
Bedriftsandar	185 stk.
Kommunale lekasjoner	23



Anders Ingevik, ved.lesar for breiband, har lagt bak seg eit travelt år. Koronasituasjonen med mange på heimekontor har skapt stor etterspurnad etter stabilt og raskt internett. I 2020 kopla me opp kunde nr 5500 og me er audmjuke over å på 11 året på rad ha Norges mest tilfredse kundar.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
EC:899F94E38F11162EC41400A0E57DB2



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

tilbakemeldingar på at kundane saknar klokka som var i fronten på dei gamle dekodarane, elles gjekk utskiftinga utan større utfordringar.

### Nye kundesystem

I samband med overgang til nytt kundesystem våren 2021, har ein i 2020 brukt mykje tid og ressursar på å førebu overgangen og kvalitetssikre kundedata.

### Stor aktivitet i 2020

Vegstrekka frå Børøy-krysset til Hestaneset vart klar i løpet av året med nye røyrtrasear, som gir oss rom for å auke kapasiteten mellom nord og sør på øya.

Me har starta arbeidet med å utvide fiberkapasitet på Moster. Det er også gjort ein stor jobb i samband med det nye feltet på Dalaneset.

Fibernettet er i stadig endring då nye bustader vert bygde spreidd over heile Bømlo. Blant anna har me auka talet på fiberkablur i Urangsvåg og mot Sæverudsøy, i Rubbestadneset er det også pågåande arbeid. Det er i tillegg sett i drift ein del fiberkablur i dei nye vegane.

Kundesenteret vårt mottar mykje spørsmål om trådløst internett. Altibox har difor gjort ein avtale med Google om å levera deira trådløse løysing, som eit produkt kundane våre kan kjøpa til ein rabattert pris. Mange har nytta seg av dette tilbodet.




🎉 Vi feirer **11 år på rad** med Norges mest fornøyde kunder! 🎉



## Årsmelding 2020 Finnås Kraftlag SA

### Kraftomsetnad

Finnås Kraftlag selde i 2020 fortrinnsvis straumproduktet «Kraft til innkjøpspris pluss påslag». Produktnamnet var noko ueheldig då ordet innkjøpspris vart misbrukt av andre aktørar i marknaden. Finnås Kraftlag valde difor å endra produktnamnet til «Spot-On Bømlo» for å framheve at dette er eit spot-produkt som er i tråd med anbefalingane frå forbrukarombodet. Året tok til med ein spot-pris på 24,4 øre/kWh. På grunn av eit vått år i kombinasjon med korona pandemien falt straumprisane ut over våren. Lågast månadspris blei det i juli då snittprisen vart rekordlåge 4,1 øre/kWh. Spot-prisen vart gjennomsnittleg for heile året på 9,8 øre/kWh mot 38,8 øre/kWh i 2019.



### Elbil-lading

Finnås Kraftlag eig ein hurtigladar plassert ved Kulturhuset på Sortland. Driftsavtalen med ladeoperatøren Grønn Kontakt gjekk ut i 2020. Grønn Kontakt har endra namn til Mer og det vil bli inngått ein ny avtale med denne leverandøren om drift av ladestasjonen dei neste fem åra.



Heilt på tampen av 2020 fall alle detaljar på plass rundt vår nye satsing på sal og installasjon av heime-ladarar for elbil. Produktet me valte å satse på vart ladarar frå Wallbox. Desse kan levere små monteringsvennlige ladarar med kabel inkludert. Ladarane kan styrast av ein App, og kan levere opp til 32A ladestraum. Som installatør av ladarane valte me den lokale leverandøren Moster Elektro. Satsinga ser ut til å vera etterlengta, og det er bra med bestillingar.

### Fjernvarme

Finnås Kraftlag hadde ved inngangen til året varmeanlegg i byggjefeltet på Stavlandsneset. Dette anlegga er nå overdratt til Stavlandsneset Grøn Energi AS og Finnås Kraftlag har dermed avvikla si fjernvarme verksemd.





# Deloitte.

Deloitte AS  
Lars Hilles gate 30  
Postboks 6013 Postterminalen  
NO-5892 Bergen  
Norway

Tel: +47 55 21 81 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Finnås Kraftlag SA

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Finnås Kraftlag SAs sin årsrekneskap som viser eit overskot i selskapsrekneskapen på kr 34.376.575 og eit overskot i konsernrekneskapen på kr 38.295.064. Årsrekneskapen består av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til Finnås Kraftlag SA per 31. desember 2020 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til konsernet Finnås Kraftlag SA per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) to learn more.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS



## Deloitte.

side 2  
Melding frå uavhengig revisor -  
Finnås Kraftlag SA

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.



**Deloitte.**

side 3  
Melding frå uavhengig revisor -  
Finnås Kraftlag SA

**Utsegn om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 5. mai 2021  
Deloitte AS

**Bjørn Lyse Opdal**  
statsautorisert revisor

## Finnås Kraftlag SA - konsern

# Notar til rekneskapen 2020

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk.

Konsernet Finnås Kraftlag SA er etablert i 2020.

### Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Finnås Kraftlag SA med dotterselskap der Finnås Kraftlag SA har bestemmande innflytning som fylgje av juridisk eller faktisk kontroll. Dette omfattar Finnås Kraftlag AS, og Bømlo Kraftnett AS.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskapa som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap som inngår i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflytning (tilknytt selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflytning føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande art. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne over forventa levetid.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven til verkeleg verdi som følgje av eventuell renteendring.

Nedanfor er det knytt kommentarar til prinsipp for enkeltpostar i rekneskapen.

### Aksjar og andelar i tilknytt selskap og dotterselskap

Investeringar i dottarselskap er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande og det vurderast nødvendig etter god rekneskapsskikk. Motteke utbyte frå dotterselskap vert inntektsført som anna finansinntekt. Tilsvarande gjeld for investeringar i tilknytt selskap.

### Andre anleggsaksjar og andelar

Aksjar og andelar i selskap der selskapet ikke har betydeleg påverknad er oppført etter kostmetoden. Dersom verkeleg verdi er lågare og ikkje forbigåande, vil investeringane verte nedskrivne. Motteke utbyte og andre overskotsutdelingar frå selskap vert inntektsført som anna finansinntekt.

### Materiallager

Materiallager er vurdert til lavaste av salspris og anskaffingskost.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert bokført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje antatt tap. Fordringar i samband med straumkrav er oppført netto.



## Finnås Kraftlag SA - konsern

# Notar til rekneskapen 2020

### Rekneskapsprinsipp held fram

#### Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing. Plasseringar i marknadsbaserte fondsandelar er vurdert til marknadsverdi.

#### Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil sei at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, vert forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planens oppteningsformel. Allokeringemetode tilsvarar planens oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om føretakspensjon vert såleis lineær opptening anvendt.

Estimatavvik og verknaden av endra føresetnader vert amortisert over forventa gjenverande oppteningstid i den grad dei overstig 10 % av det høgaste av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

#### Skattar

Skattekostnaden vert samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Netto utsett skattefordel er ikkje balanseført.

I tillegg er kraftlaget formueskattepliktig.

#### Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent. Det vil sei når risiko og kontroll er overført til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

#### Overføringsinntekter/nettregulering

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og blir tilbakeført til kundane. Mindreinntekt kan Bømlo Kraftnett AS velje å krevja inn frå kundane.

#### Anleggsbidrag

Anleggsbidrag til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdjar.

#### Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke ei skjønsmessig fordeling mellom periodane.



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Rekneskapsprinsipp held fram

##### Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

##### Finansplasseringar

Plasseringar av finansmidlar er vurdert til marknadsverdi ved årsslutt, og realiserte gevinstar og tap er ført som finansinntekter.

##### Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstrøumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

##### Sal av verksemd

Som følgje av krav til skilje av verksemdsområda i kraftbransjen, har morselskapet Finnås Kraftlag SA med verknad fra 1.1.2020 inngått avtale om sal av nettverksemd til Bømlo Kraftnett AS og sal av område kraftomsetnad og fiber til Finnås Kraftlag AS.

Avtalane er inngått til verkeleg verdi basert på verdsetjing av dei ulike verksemdsområda. Ettersom det er omorganisering med uendra eigarskap vil transaksjonane rekneskapsmessig verta bokført med kontinuitet i 2020. Overføring av verksemd frå mor er skattemessig realisasjon, men det er innvilga skattelempe som gjer at transaksjonen ikkje blir beskatta så lenge det ikkje blir føreteke endring i eigartilhøve i konsernet og dei skattemessige posisjonane i mor før sal er dermed vidareført i konsernet.



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 1 – Segmentinformasjon

##### Konsern

Tal i heile tusen	Kraft- omsetjing	Distribusjon	Breiband	Øvreg verk- semd	Konsern- eliminering	Totalt
<b>Inntekter</b>						
Kraftsal	22.279				-255	22.024
Overføringsinntekter		69.530			-185	69.345
Inntekter breiband			49.826			49.826
Andre inntekter	26	1.653	51	22.143	-18.506	5.367
<b>Sum inntekter</b>	<b>22.305</b>	<b>71.183</b>	<b>49.876</b>	<b>22.143</b>	<b>-18.946</b>	<b>146.562</b>
<b>Kraftkjøp mv.</b>						
Kraftkjøp	18.330					18.330
Nettap, eige nett		858				858
Nett-tj. overliggjande nett		24.008				24.008
Varekjøp, anna		1.042	26.008	1.306		28.356
<b>Sum varekjøp</b>	<b>18.330</b>	<b>25.907</b>	<b>26.009</b>	<b>1.306</b>	<b>0</b>	<b>71.551</b>
<b>Bruttoavance</b>	<b>3.975</b>	<b>45.277</b>	<b>23.868</b>	<b>20.838</b>	<b>-18.946</b>	<b>75.011</b>
<b>Driftskostnader</b>						
Personalkostnader	68	11.715	5.833	9.034		26.650
Aktivert løn		-3.690	-3.265			-6.955
Andre driftskostnader	2.571	17.513	6.421	10.333	-18.946	17.892
Avskrivningar		9.152	10.914	378		20.444
Tap på fordringar	14	57	70			141
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2.653</b>	<b>34.746</b>	<b>19.972</b>	<b>19.745</b>	<b>-18.946</b>	<b>58.170</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1.323</b>	<b>10.530</b>	<b>3.896</b>	<b>1.093</b>	<b>0</b>	<b>16.841</b>



Finnås Kraftlag SA - konsern  
Notar til rekneskapen 2020

Note 1 – Segmentinformasjon held fram

Meir-/mindreinntekt

Konsern

Berekening av meir-/mindreinntekt inklusive KILE

Sum nettleigeinntekt	68.933
Andre inntekter (inkl. morarenter)	622
Sum faktisk nettleigeinntekt	69.555
Fastsett initiell inntekt i eige nett (-)	-44.523
KILE-kostnader	609
Fjerning av tidsetterslep investeringar	-1.240
Kostnader ved overliggjande nett (-)	-24.144
Eigedomsskatt	-921
Avgifter Elhub/ FOU	-542
Total inntektsramme	-70.761
Meir- (+)/mindreinntekt (-) i året	-1.206

Avkastingsgrunnlag

	Gj.snitt
Driftsmidler	199.207
Kundespesifikke anlegg	25.086
Felles anleggsmidler	11.764
Netto arbeidskapital (påslag 1%)	2.360
Sum avkastingsgrunnlag	238.417

Driftsresultat ekskl mindreinntekt	9.324
Avkasting % ekskl mindreinntekt	3,9 %
Avkasting % inkl mindreinntekt	10.523
Avkasting % inkl mindreinntekt	4,4 %

Ved utgangen av rekneskapsåret 2020 er det under posten andre fordringar balanseført MNOK 4,747 i mindreinntekt og renter.



**Finnås Kraftlag SA - konsern**  
**Notar til rekneskapen 2020**

**Note 2 – Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.**

Mor			Konsern
2019	2020	Lønskostnad	2020
20.594.042	4.914.986	Løn og feriepengar	21.229.902
2.944.241	512.462	Arbeidsgjevaravgift	2.353.994
3.099.479	552.069	Pensjonskostnader	2.393.113
520.034	236.676	Andre ytingar	673.625
<u>27.157.797</u>	<u>6.216.193</u>	Sum	<u>26.650.632</u>
<u>28</u>	<u>6</u>	Gjennomsnittleg tal på tilsette	<u>28</u>

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar mor og konsern	Styret mor	Styret konsern
Løn	1.153.084	0	0
Premie pensjon	21.602	0	0
Anna godtgjersle	22.497	0	0
Honorar til styret	0	457.012	546.100

Dagleg leiar er tilsett i morselskap og kostnad til leiar vert fordelt til døtre.

Kostnader til revisor	Mor	Konsern
Honorar lovpålagt revisjon ekskl. mva	150.000	235.000
Teknisk bistand med rekneskap	100.281	100.281
Skattemessig bistand	32.100	41.100
Øvrege attastasjonsoppgåver	20.000	80.300
Sum	<u>302.381</u>	<u>456.681</u>



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 3 – Varige driftsmidler

##### Mor

	Distribu- sjonsnett, fjernvarme og målara	Anlegg under arbeid	Fibernet og utstyr	Bygningar	Øvrege driftsmidler	Sum
Anskaffingskost 1.1.	352.985.634	5.803.635	178.639.541	19.532.855	38.234.239	595.195.904
Tilgang i året	0	0	0	4.100.585	254.708	4.355.293
Avgang til anskaffingskost	352.985.634	5.803.635	178.639.541	19.532.855	29.490.215	586.451.880
Anskaffingskost 31.12.	0	0	0	4.100.585	8.998.732	13.099.317
Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1.	132.113.410	0	94.902.280	8.498.534	33.663.389	269.177.613
Akkumulert avskrivning avgang	132.113.410	0	94.902.280	8.498.534	25.399.269	260.913.493
Avskrivningar i året	0	0	0	24.338	184.256	208.594
Akk. avskrivning, nedskr. og rev. nedskr. 31.12.	0	0	0	24.338	8.448.376	8.472.714
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.076.247</b>	<b>550.355</b>	<b>4.626.602</b>
Økonomisk levetid	8-50 år		5-30 år	50 år	5- 8 år	

Avgang gjeld sal av driftsmidler til dotterselskap ved verksemdsoverdraging.

##### Konsern

	Distribu- sjonsnett, fjernvarme og målara	Anlegg under arbeid	Fibernet og utstyr	Bygningar	Øvrege driftsmidler	Sum
Anskaffingskost 1.1.	352.985.634	5.803.635	178.639.541	19.532.855	38.234.239	595.195.904
Tilgang i året	15.120.109	-1.353.121	10.981.416	4.100.585	2.995.637	31.844.626
Avgang til anskaffingskost	692.526	0	283.378	0	0	975.904
Anskaffingskost 31.12.	367.413.217	4.450.514	189.337.579	23.633.440	41.229.876	626.064.626
Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1.	132.113.410	0	94.902.280	8.498.534	33.663.389	269.177.613
Akkumulert avskrivning avgang	521.862	0	201.298	0	0	723.160
Avskrivningar i året	8.123.154	0	10.626.377	410.833	1.283.928	20.444.292
Akk. avskrivning, nedskr. og rev. nedskr. 31.12.	139.714.702	0	105.327.359	8.909.367	34.947.317	288.898.745
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>227.698.516</b>	<b>4.450.513</b>	<b>84.010.220</b>	<b>14.724.073</b>	<b>6.282.558</b>	<b>337.165.880</b>
Økonomisk levetid	8-50 år		5-30 år	50 år	5- 8 år	



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 4 – Aksjar og andelar i andre føretak mv.

##### Mor

Anleggsmidler	Eigarandel	Anskaffings- kost	Balanseført
Haugaland Kraft AS	9,530 %	646.095.086	646.095.086
Eigenkapitalinnskot KLP		316.280	316.280
Sum		646.411.366	646.411.366

##### Konsern

Anleggsmidler	Eigarandel	Anskaffings- kost	Balanseført
Haugaland Kraft AS	9,530 %	646.095.086	646.095.086
Eigenkapitalinnskot KLP		1.857.335	1.857.335
Andre		119.733	119.733
Sum		648.072.154	648.072.154

#### Note 5 – Investering i dotterselskap

Anleggsmidler:	Eigardel	Anskaffelses- kost	Balanseført verdi	Andel resultat	Andel eigenkapital
<b>Dotterselskap:</b>					
Finnås Kraftlag AS	100,00 %	157.030.000	97.246.146	4.294.425	96.799.930
Bømlo Kraftnett AS	100,00 %	257.030.000	243.203.596	8.568.957	247.568.306
Sum		414.060.000	340.449.742		

Det er gjort konvertering av fordring til aksjar i Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS til verkeleg verdi i 2020. Bokført verdi av aksjane tilsvarar kontinuitetsverdi av netto overførte egedelar.

#### Note 6 – Oversikt over medlemsinnskot

##### Eigarstruktur

Finnås Kraftlag har i omframt årsmøte 22.9.2010 vedteke nye vedtekter, som blant anna inneber overgang frå partslag til samvirkeleg, vedtak om utbetaling av renter til eigarar samt attendebetalning av medlemsinnskot.

Konsekvensen av dette er at alle medlemmer har likt medlemsinnskot. Pr. 31.12.2020 er det registrert 3.539 medlemmar med totalt innskot kr 1.061.700. Anna innskot gjeld tidlegare partshavarar som førebels ikkje har omgjort partar til medlemskap.

Gjeld til medlemmer gjeld også tidlegare partshavarar.



**Finnås Kraftlag SA - konsern**  
**Notar til rekneskapen 2020**

**Note 7 – Eigenkapital**

**Mor**

	Medlems- innskot	Annan eigenkapital	Etterbetalings- fond	Sum
<b>Eigenkapital 1.1.</b>	<b>1.061.400</b>	<b>894.204.275</b>	<b>9.700.000</b>	<b>904.965.675</b>
<i>Endring eigenkapital i året</i>				
Endring medlemsinnskot	300			300
Avsett til allmennyttig formål		-1.960.900		-1.960.900
Avsett til kjøpsutbyte medlemmer		-12.000.000		-12.000.000
Resultat i året		34.376.575		34.376.575
<b>Eigenkapital 31.12.</b>	<b>1.061.700</b>	<b>914.619.950</b>	<b>9.700.000</b>	<b>925.381.650</b>

**Konsern**

	Medlems- innskot	Annan eigenkapital	Etterbetalings- fond	Sum
<i>Endring eigenkapitalen i året</i>				
Konsernetablering 1.1.2020	1.061.400	894.204.275	9.700.000	904.965.675
Endring medlemsinnskot	300			300
Avsett til allmennyttig formål		-1.960.900		-1.960.900
Avsett til kjøpsutbyte medlemmer		-12.000.000		-12.000.000
Resultat i året		38.295.064		38.295.064
<b>Eigenkapital 31.12.</b>	<b>1.061.700</b>	<b>918.538.444</b>	<b>9.700.000</b>	<b>929.300.144</b>



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 8 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordning i KLP som omfattar i alt 6 aktive personar (28 personar for konsern). Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom et forsikringsselskap (sikra ordning).

#### Mor

<b>Pensjonskostnad</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Noverdi av pensjonsopptening i året	644.973	3.119.188
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	402.797	2.009.225
Avkasting på pensjonsmidlar	<u>-548.398</u>	<u>-2.467.823</u>
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	499.372	2.660.590
Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad	56.780	297.603
Resultatføring estimatavvik	77.460	733.442
Administrasjonskostnad	<u>36.285</u>	<u>0</u>
Netto pensjonskostnad (-midlar)	<u>669.897</u>	<u>3.691.635</u>

#### Finansiell status pr. 31.12.

	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Pensjonsforplikting	20.102.917	73.790.036
Verdi av pensjonsmidlar	<u>-14.714.283</u>	<u>-62.563.227</u>
Netto pensjonsforplikting (før arbeidsgjevaravgift)	5.388.634	11.226.809
Estimeringsavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	-4.299.010	-10.704.798
Arbeidsgjevaravgift	<u>-455.694</u>	<u>1.190.042</u>
Netto pensjonsforplikting	<u>633.930</u>	<u>1.712.053</u>

#### Konsern

<b>Pensjonskostnad</b>	<b>2020</b>
Noverdi av pensjonsopptening i året	2.970.075
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1.725.222
Avkasting på pensjonsmidlar	<u>-2.366.657</u>
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	2.328.640
Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad	262.786
Resultatføring estimatavvik	332.579
Administrasjonskostnader	<u>150.466</u>
Netto pensjonskostnad (-midlar)	<u>3.074.471</u>

#### Finansiell status pr. 31.12.

	<b>2020</b>
Pensjonsforplikting	85.596.994
Verdi av pensjonsmidlar	-63.306.070
Estimeringsavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	-20.917.383
Netto pensjonsforplikting	<u>1.373.541</u>



**Finnås Kraftlag SA - konsern**  
**Notar til rekneskapen 2020**

**Note 8 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar held fram**

**Mor og konsern**

**Økonomiske føresetnader:**

Diskonteringsrente	1,50 %	2,30 %
Forventa pensjonsregulering	0,99 %	1,24 %
Forventa avkasting på fondsmidlar	2,40 %	3,80 %
Forventa lønsvekst	2,00 %	2,25 %
Forventa G-regulering	1,75 %	2,00 %

Ordninga dekkjer krav om innføring av obligatorisk tenestepensjon.

**Note 9 – Kraftkontraktar**

Finnås Kraftlag SA eller konsernet for øvreg har ikkje inngått kontraktar for kjøp eller sal av kraft med faste prisar ved årsskiftet.



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 10 – Skattekostnad

Skattekostnad i året kjem fram slik:	2020	2019
Formuesskatt	1.100.000	1.001.015
Endring utsett skatt	-591.436	791.710
Skattekostnad tidlegare år	97.459	718.087
Skattekostnad ordinært resultat	<u>606.023</u>	<u>2.510.812</u>
<b>Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:</b>		
Ordinært resultat før skatt	<u>34.982.598</u>	<u>39.039.441</u>
Forventa inntektsskatt etter nominell skattesats (22 %)	7.696.172	8.588.677
<i>Skatteeffekten av følgjande postar:</i>		
Permanente skilnader	-8.287.607	-7.796.967
Formuesskatt	1.100.000	1.001.015
Korreksjon tidlegare år	97.459	718.087
Skattekostnad	<u>606.023</u>	<u>2.510.812</u>
Effektiv skattesats	<u>2 %</u>	<u>6 %</u>

#### Spesifikasjon av skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring:

	2020		2019	
	Fordel	Forplikting	Fordel	Forplikting
Driftsmidler	0	229.558	0	31.764.729
Fordringar	0	0	500.000	0
Pensjonsforplikting	633.930	0	1.712.053	0
Varebeholdning	0	0	450.000	0
Andre skilnader	0	0	700.000	0
Ikkje opptent inntekt	0	0	0	3.500.000
Framførbart underskot	7.847.830	0	5.311.506	0
Sum	<u>8.481.760</u>	<u>229.558</u>	<u>8.673.559</u>	<u>35.264.729</u>
Brutto utsett skattefordel/-forplikting		<u>8.252.202</u>		<u>-26.591.170</u>
Netto utsett fordel (-forplikting) i balansen		<u>1.815.486</u>		<u>-5.850.057</u>

Selskapet har ei pågåande skattesak knytta til skattemessig behandling av utbytte til medlemmane, som selskapet har krevd frådrag for i 2017-2019 med totalt MNOK 5,08. Tilsvarande frådrag er krevd i skattebeking for 2020 med MNOK 2,64. Om skatteetaten ikkje aksepterer frådraget vil skatten bli attendebetalt og skattekostnaden tilsvarande korrigert i 2021.



Finnås Kraftlag SA - konsern  
Notar til rekneskapen 2020

Note 10 – Skattekostnad held fram

Konsern

<b>Skattekostnad i året kjem fram slik:</b>	<b>2020</b>
Formuesskatt	1.100.000
Endring utsett skatt	1.080.748
Skattekostnad tidlegare år	97.459
Skattekostnad ordinært resultat	<u>2.278.207</u>

**Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:**

Ordinært resultat før skatt	<u>40.573.271</u>
-----------------------------	-------------------

Forventa inntektsskatt etter nominell skattesats (22 %)	8.926.120
---	-----------

*Skatteeffekten av følgjande postar:*

Permanente skilnader	-7.845.371
Formuesskatt	1.100.000
Korreksjon tidlegare år	97.459
Skattekostnad	<u>2.278.207</u>

Effektiv skattesats	<u>6 %</u>
---------------------	------------

	<b>2020</b>	
	<b>Fordel</b>	<b>Forplikting</b>
Driftsmidler	0	36.452.955
Fordringar	358.919	0
Pensjonsforplikting	1.373.541	0
Varebeholdning	75.000	0
Ikkje opptent inntekt	0	4.706.000
Framførbart underskot	7.847.830	0
Sum	<u>9.655.290</u>	<u>41.158.955</u>
Brutto utsett skattefordel/-forplikting		<u>-31.503.665</u>
Netto utsett fordel (-forplikting) i balansen		<u>-6.930.805</u>



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 11 – Likvidar og likvidplasseringar

Av bankinnskott gjeld kr 294.402 tilsette i morselskapet sitt skattetrekk. For konsernet utgjer bundne midlar kr 1.101.468.

#### Note 12 – Annan langsiktig gjeld

##### Mor og konsern

##### Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

	2020	2019
Gjeld til kredittinstitusjonar med forfall etter fem år	<u>0</u>	<u>0</u>

##### Bokført gjeld som er sikra ved pant og liknande:

Gjeld til kredittinstitusjonar	<u>64.561.509</u>	<u>80.709.225</u>
--------------------------------	-------------------	-------------------

##### Bokført verdi av eignelutar stilt som sikkerheit for bokført gjeld:

Aksjar	646.095.086	646.095.086
--------	-------------	-------------

Selskapet har en kassekreditt med ramme på kr 74.250.000.

#### Note 13 – Finansiell risiko

Selskapet har flytande renter på kassekreditt.

Finnås Kraftlag SA har finansielle anleggsmidlar med bokført verdi på kr 986.861.108, kor største posten MNOK 646 gjeld 9,53 % eige i Haugaland Kraft AS. MNOK 340 er investeringar i døtre.

Finnås Kraftlag SA har vidare marknadsbaserte finansielle postar på kr 19.961.146. Desse postane er forvalta av profesjonell porteføljeforvaltar, og følgjer den generelle verdipapirmarknaden.

Selskapet har elles ikkje postar eller instrument som er utsett for spesiell finansiell risiko. For marknadsbaserte fondsandelar er det knytt risiko til endringar i marknadspris.



## Finnås Kraftlag SA - konsern

### Notar til rekneskapen 2020

#### Note 14 – Marknadsbaserte fondsandelar

Finnås Kraftlag SA har ei portefølje av finansplasseringar som er plassering av ledig likviditet. Portefølja vert forvalta av profesjonell forvaltar.

	Kostpris	Bokført verdi	Marknadsverdi
Obligasjonar	13.016.742	13.043.969	13.043.969
Markedsbaserte aksjar	5.957.909	6.471.285	6.471.285
Pengemarkedsfond	405.451	445.892	445.892
Sum	19.380.102	19.961.146	19.961.146

#### Note 15 – Transaksjonar og mellomværande med nærstående partar

<b>Fordring på konsernselskap- kortsiktig</b>	<b>2020</b>
Bømlo Kraftnett AS - konsernbidrag	2.825.961
Bømlo Kraftnett AS - utbytte	2.000.000
Bømlo Kraftnett AS - anna kortsiktig fordring	3.747.414
Finnås Kraftlag AS - konsernbidrag	6.077.749
Sum	<u>14.651.124</u>
<b>Gjeld til føretak i same konsern</b>	<b>2020</b>
Finnås Kraftlag AS	11.232.906
Sum	<u>11.232.906</u>

Transaksjonsgruppe	Linje	Motpart	Forhold til motparten	2020
Administrasjonstenester	Driftsinntekt	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	10.047.047
Administrasjonstenester	Driftsinntekt	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	6.650.742
<b>Sum inntekter frå nærstående selskap</b>				<b>16.697.789</b>

#### Note 16 – Store enkelt transaksjonar

##### Sal av verksemd

Som følgje av krav til skilje av verksemdsområda i kraftbransjen, har morselskapet Finnås Kraftlag SA med verknad fra 1.1.2020 inngått avtale om salg av nettverksemd til Bømlo Kraftnett AS og kraftsal og fiber til Finnås Kraftlag AS.

Avtalane er inngått til verkeleg verdi basert på verdsetjing av dei ulike verksemdsområda. Ettersom det er omorganisering med uendra eigarskap vil transaksjonane rekneskapsmessig verta bokført med kontinuitet i 2020. Overføring av verksemd frå mor er skattemessig realisasjon, men det er innvilga skattelempe som gjer at transaksjonen ikkje blir beskatta så lenge det ikkje blir føreteke endring i eigarforhold i konsernet og dei skattemessige posisjonane i mor før sal er dermed vidareført i dottarselskapa.



Finnås Kraftlag SA - konsern

Kontantstrømoppstilling

Morselskap			Konsern
2019	2020		2020
<b>KONTANTSTRÅUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>			
39.039.441	34.982.598	Ordinært resultat før skattekostnad	40.573.271
-293.593	92.050	Ikkje-likvid finansiering av finansplasseringar	92.050
-1.040.175	-1.099.015	Betalt skatt i perioden	-1.099.015
19.373.884	208.594	Ordinære avskrivingar/nedskrivningar	20.444.292
-166.890	235.181	Pensjonskostnad utan kontanteffekt	-338.512
248.469	960.000	Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	960.000
-905.265	-965.090	Midlar brukt på kortsiktige finansplasseringar	-965.090
-486.198	1.765.231	Endring i materiallager	-1.977.480
10.164.099	41.136.023	Endring i kundefordringar	-37.781.419
-15.106.618	-8.632.886	Endring i leverandørgjeld	9.879.312
0	-3.418.218	Endring i konsernmellomværender	0
13.050.262	-13.571.511	Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar	22.122.630
<b>63.877.416</b>	<b>51.692.957</b>	<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>51.910.039</b>
<b>KONTANTSTRÅUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>			
35.000	317.274.267	Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	0
-23.593.099	-4.355.293	Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-31.844.626
0	1.561.443	Innbetalningar ved sal av aksjar til kontinuitet	0
-8.305.224	-340.449.742	Utbetalningar ved kjøp av aksjar til kontinuitet	0
<b>-31.863.323</b>	<b>-25.969.325</b>	<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-31.844.626</b>
<b>KONTANTSTRÅUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>			
-105.906.963	-16.147.716	Utbetalningar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	-16.147.716
80.709.225	0	Innbetalningar ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0
13.500	0	Innbetaling/utbetaling av eigenkapital	0
-7.378.416	-10.000.000	Utdelingar av tidlegare årsoverskot	0
<b>-32.562.654</b>	<b>-26.147.716</b>	<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-16.147.716</b>
-548.561	-424.084	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	3.917.697
2.784.443	2.215.882	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1.	0
<b>2.215.882</b>	<b>1.791.798</b>	<b>Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 31.12.</b>	<b>3.917.697</b>